



# Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Seniorrådgivar Annhild Merete Lorentzen, 71 25 88 26

Vår dato  
03.04.2014  
Dykkar dato

Vår ref.  
2014/8/ANLR/633.2  
Dykkar ref.

Til sensorar i matematikk og engelsk i følgje adresseliste

## Sensorskulering 2014 for eksamensregion Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane

Fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, i samarbeid med Utdanningsdirektoratet, inviterer til sensorskulering på Hotel Alexandra i Loen 8. og 9. mai.

Målgruppa er alle fagpersonane som er oppnemnde til å vere sensorar ved skriftleg eksamen i grunnskulen i 2014 for begge fylka. Det vil bli parallelle kurs i faga matematikk, engelsk og norsk.

Utdanningsdirektoratet står for den faglege gjennomføringa. Det vil og bli tilbod om ei økt i bruken av PAS for sensorar. Sjå elles vedlagde program.

**Stad:** Hotel Alexandra i Loen

**Tid:** Start med registrering torsdag 8. mai kl. 11:30. Avslutning med lunsj fredag 9. mai kl.12:30.

**Målgruppe:** Oppnemnde sensorar i engelsk, norsk og matematikk

**Tema:** Vurdering. Eksamen og prinsipp for sluttvurdering, vurdering i faga og drøfting av siste års elevsvar.

### Fagansvarlege:

Engelsk: Matilda Burmann, fagansvarleg for engelsk, Utdanningsdirektoratet og Bodil Boie Brekkan

Matematikk: Gregorius Brogstad fagansvarleg for matematikk, Utdanningsdirektoratet

Norsk: Mette Thoresen, fagansvarleg for norsk, Utdanningsdirektoratet

**Elektronisk påmelding:** <http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kurs-og-konferansekalender/Sensorskulering-for-norsk-engelsk-og-matematikk/>

Lenkje til påmeldingsskjema i sidemargen.

**Påmeldingsfrist: Søndag 27. april 2014.**

**Program:** Sjå vedlegg.

**Økonomi:** Kurs og opphald er gratis. Skulen / kommunen må dekkje vikarutgifter og reise.

Vi oppfordrar til ”samkøyring” så langt råd er. Vi legg ved liste over oppnemnde sensorar for å lette dette.

Vi ber om at du informerer rektor / leiinga på skulen om innhaldet i dette brevet. Sjølv om denne skuleringa er eit frivillig tilbod til sensorane er den ei føresetnad for ein mest mogleg lik sensur. Vi håpar difor på god deltaking, og at skulane ser på dette som god etterutdanning for sine

lærarar. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane sender ut denne invitasjonen til sensorane i norsk, medan Fylkesmannen i Møre og Romsdal sender ut til matematikk- og engelsksensorane.

### **Retningslinjer for sensors arbeid**

Som sensor pliktar du å halde deg orientert om og følgje dei retningslinene og reglar for sensur som til ei kvar tid blir gitt av Utdanningsdirektoratet. Generelle retningslinjer for sentral sensur: <http://www.udir.no/Vurdering/Eksamen/Retningslinjer-for-sentral-sensur-ved-sentralt-gitt-skriftleg-eksamen-i-grunnskolen-grunnskoleopplaring-for-vaksne-og-vidaregaande-opplaring/>

### **Anna informasjon**

- Vi ber om at du tar med eksamensretteleing for 2014 i det faget du skal vere sensor i. Gå inn på: [udir.no/vurdering/Eksamen-grunnskule/Eksempeloppgaver](http://udir.no/vurdering/Eksamen-grunnskule/Eksempeloppgaver), eksamensoppgaver og eksamensveiledninger/ Eksamensveiledninger for 2014/ «ditt fag».
- Vi ber om at dei som ikkje kjenner eksamensoppgåvene frå 2013 i sitt fag, sett seg inn i oppgåvene. Gå inn på: [udir.no/vurdering/Eksamen-grunnskule/Eksempeloppgaver](http://udir.no/vurdering/Eksamen-grunnskule/Eksempeloppgaver), eksamensoppgaver og eksamensveiledninger/ Til eksamensoppgåver i grunnskolen/ «ditt fag».

Alle skular har fått passord til desse oppgåvene, men vi sender likevel ut ei eiga melding med passordet til sensorar.

- Særleg for matematikk:  
For sensorar i matematikk vil det verte sendt ut eigen e-post med eksamensoppgåver til gjennomrekning og Eksamensveiledning 2014. Denne e-posten vert sendt ut i slutten av april. Særleg utfordrar vi sensorar som ikkje er kjent med oppgåvene til å rekne gjennom slik at ein møter best mogleg førebudd til kurset.

### Spørsmål om sensorskuleringa kan rettast til:

Annhild Lorentzen: [annahild.lorentzen@fylkesmannen.no](mailto:annahild.lorentzen@fylkesmannen.no) /tlf. 71 25 88 26.

Odd Einar Fimreite: [odd.einar.fimreite@fylkesmannen.no](mailto:odd.einar.fimreite@fylkesmannen.no) /tlf. 57 64 31 02.

Spørsmål om påmeldinga kan rettast til: [fmmrkurs@fylkesmannen.no](mailto:fmmrkurs@fylkesmannen.no) eller Kjellaug Flusund Finnøy telefon 71 25 80 67.

Vel møtt i Loen!

Alv Walgermo (e.f.)  
utdanningsdirektør

Annhild Merete Lorentzen

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

### Vedlegg:

- 1 Sensorar i matematikk 2014
- 2 Sensorar i norsk 2014
- 3 Sensorar i engelsk 2014
- 4 Sensorskulering 2014 - Program

Kopi:

Utdanningsdirektoratet  
v/Matilda Burmann

Postboks 9359 Grønland 0135 OSLO

Bodil Boie Brekkan

Kvalvågen 5943 AUSTRHEIM

Utdanningsdirektoratet  
v/Gregorios Brogstad

Postboks 9359 Grønland 0135 OSLO

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
v/ Odd Einar Fimreite

Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER